

Sakshandsamar:

Astrid Hove
E-post: Astrid.Hove@sfj.no
Tlf.: 57638125

Vår ref.

Sak nr.: 18/6643-5
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

39202/18

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 22.08.2018

Anders Magne Bruvoll, STRV
Åsta Navelsaker Røed, MALV
Geir Kjetil Øvstetun, ARDV
Gro Fivelsdal, DALV
Hallgeir Hansen, FIRV
Knut Chr. Clausen, FLOV
Aksel Hugo, SJH
Liv Horvei, MOY
Nina Bygstad, HAFV
Ove Bjørlo, EIDV
Torill Thorbjørnsen, HOYV
Trygve Jacobsen, MOY
Ole Jørgen Øygarden, SOGV

Meldeknappen «Meld frå om mobbing»

Frå dette skuleåret innfører fylkeskommunen ein «mobbeknapp» på nettsidene til dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane.

Mobbeknappen lenkar til eit skjema der elevar, føresette og andre kan melde frå om ein elev som ikkje har det bra på skulen. Varselet vert sendt til rektor ved den aktuelle skulen. Rektor har plikt til å undersøke varselet og setje i gang tiltak.

Bakgrunn

Fylkestinget gjorde følgjande vedtak i sitt møte 17.04.2018, sak 4/18 punkt 5:

Det skal opprettast ein «mobbeknapp» på heimesida til alle dei vidaregåande skulane, som eit lågterskeltilbod for å melde om mobbing.

Bakgrunnen for vedtaket er endringar i opplæringslova §9A gjer at skulane har eit større ansvar for å sikre at alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Meldeknappen har fått nemninga «Meld frå om mobbing», men det er meir enn mobbing som kan meldast. Også andre former for krenkingar skal følgjast opp. Det er nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane.

Fylkeskommunen lagar ein felles meldeknapp som skal ligge godt synleg på heimesida til kvar skule (sjå illustrasjon). Meldeknappen vil vere på plass snarleg.

Kva må skulen gjere?

Ved innføring av meldeknappen er det to forhold som særleg er viktige:

- at informasjonen som vert meldt inn ikkje kjem avvege
- at meldingane vert følgde opp.

Meldar registrerer kva skule eleven det gjeld går på, i tillegg til sitt eige namn og telefonnummer. Alle meldingar som kjem inn skal følgjast opp ved at skulen kontaktar meldaren direkte for å få meir informasjon om saka.

I meldingsskjemaet vert meldaren beden om samtykke til at informasjonen blir send til rektor, og at leiinga ved skulen tek kontakt for ein samtale. Det vert i skjemaet peika på at ingen utanfor skulen si leiing får vite om meldinga, og at informasjonen vert handsama konfidensielt.

Kvar melding vil bli registrert i ESA. E-postmelding vert ikkje rekna for å vere sikkert nok. Samstundes er det ei sikkerheit for melder at meldinga vert registrert i arkivsystemet.

Det er svært viktig at meldingane frå «Meld frå om mobbing» vert følgde opp.

Fylkesdirektøren vil etablere og sikre gode rutinar for oppfølging av desse meldingane.

Informasjon

Rektor skal syte for at elevar og foreldre/føresette vert informerte om den nye ordninga så snart som råd.

Fylkeskommunen vil også leggje ut ei side under «Elev og føresett» på nettsidene til dei vidaregåande skulane som informerer om ordninga og om kva rettar elevane har til eit trygt og godt skulemiljø.

Dersom noko er uklart så ta kontakt.

Meld frå om mobbing

Varsling ?

Eg vil melde frå om ein elev som ikkje har det trygt og godt på skulen

Her kan du melde frå om krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, eller andre forhold som gjer at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.

Meldinga blir send til rektor. Leiinga ved skulen vil ta kontakt med deg for ein samtale.

Skule *

Kva er namnet ditt? *

Kva mobilnummer kan leiinga ved skulen nå deg på? *

Samtykkje *

Eg samtykkjer til at informasjonen blir send til rektor, og at leiinga ved skulen kontaktar meg for ein samtale.

← Føre
Lagre utkast
✗ Avbryt
Kontroller skjema


Rettleiing

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Viss ein elev opplever slike krenkingar, er det viktig å melde frå til rektor eller ein annan vaksen på skulen. Då har skulen plikt til å undersøkje saka og setje i verk tiltak.

Føremålet med dette meldingsskjemaet er å gi elevar, føresette og andre ein trygg og sikker kanal for å melde frå om ein elev som ikkje har det bra på skulen. Meldinga blir send direkte til rektor, og leiinga ved skulen vil ta kontakt med deg for ein samtale. Ingen utanfor skulen si leiing får vite om meldinga.

Les meir om mobbing og retten til eit trygt og godt skulemiljø på www.udir.no

Retten til eit trygt og godt skulemiljø er bestemt i [Opplæringslova 9A](#)



Med helsing

Bekka Skaasheim
fylkesdirektør

Astrid Hove
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift